



VW- og retro-entusiastane frå Haugalandet kosa seg på Rabben Feriesenter.

Det vart lagt merke til då fire bilar frå Nord Rogaland VW Klubb rulla inn på Rabben Feriesenter utpå ettermiddagen fredag. Sjølv om dei var av eldre årgang mangla det ikkje på glansen. Den eine trekte også på ei lita, nær 50 år gammal campingvogn. Då uskedalen.no tok turen litt seinare i kveldinga, møtte vi fem humørfylte og trivelege karar som hadde rigga seg til i ein leir med retro-preg.



Brørne Jørgensen framfor campingvogna deira av merket Lillebror. Bobla til Magne til venstre.

Dei fem karane kom frå Haugesund og Tysvær, og dei tilhøyrer den ivrigaste kjernen i Nord Rogaland VW Klubb. Dei kunne fortelja at sjølv om hovudtyngda av medlemmene kjem frå Haugalandet, har dei medlemmer frå heile landet, også Kvinnherad. Dei som vil vita meir om klubben, kan gå inn på facebookside deira, Nord Rogaland VW Klubb. Om ein ønskjer å bli ein del av dette trivelege fellesskapet, vert ein heilt sikkert tekne mot med opne armar.

Turen til Rabben Feriesenter var meir av det spontane slaget, og dermed vart ikkje fleire med. Vanlegvis pleier dei å reisa rundt på ulike treff, men det har det blitt lite av i desse koronatider. Sjølv skal dei arrangera treff på Grinde 7.-8.august. På det treffet vert konene også med. Søknad og godkjenning er i boks så då håpar dei også at kvinnheringar tar turen.





Tore Kirketeig med den flotte Bobla si.

Med seg på Rabben hadde dei 4 glinsande bilar og ei campingvogn, men nokre av dei hadde også fleire bilar i si eige. Det var tydeleg at interessa for både bilane og andre retro-ting var på topp. Vi la merke til at ein av dei hadde ein kasse med gamle leikebilar. Dei sat i fluktstolar som minna oss om somrane i barndommen då vi hadde ein slik på deling. Grillar og kokeutstyret deira er nok ikkje å få kjøpt i vanlege butikkar i dag, og på bordet stod ein velbrukt Kurè reiseradio ved sida av to litt større leikebilar, - ein Transportar og ei gul Boble. Bobla var siste investering. Den hadde dei kjøpt på Lises Bruktbutikk, for der måtte dei sjølvsgatt innom. - Vi kom der når ho heldt på å stenga, men den hyggelege dama opna for oss. Der var mykje kjekt, og trivleg var ho å snakka med og, fortel dei om den opplevinga.

Så må vi over til dei staselege køyretøya. Vi startar naturleg nok med den eldste. Tore Kirketeig eig ei flott Boble, 1957 model. Den kjøpte han i 1912 og har hatt bilen i dei minste bitar. Han brukte 5 år på jobben. Det var verd det. No er den tilbake til originalen, like fin som ny og han har hatt glede av den på vegen i 3 år. Han har heile historia til bilen. Den vart kjøpt ny i Bodø. Han har kome i kontakt med borna til første eigaren og sende bilde til dei då den var ferdig restaurert.



Magne Jørgensen framfor Bobla si saman med broren Odd Morten

Magne Jørgensen har også ei Boble. Den er raudfarga og var ny i 1964. Magne fortel at han kjøpte den i 2012, eller rettare sagt han fekk den i 40 årspresang. Det vart arrangert ei gåveinnsamling, og så kjøpte han bilen for det. Saman med broren, Odd Morten Jørgensen, eig han også den spesielle campingvogna dei har med seg. Den er norskprodusert av merket Lillebror og er 1972 model. Dei kom over den for nokre år sidan. Då hadde den stått på ein låve i Austevoll sidan 1978, og det var lite dei måtte gjera med den.

Geir Morten Larsen er den stolte eigar av ein flott Transportar, 1966 model. Den er også spesiell, etter det eg kjenner til, ved at det var siste året den vart produsert med delt frontrute. Heile sitt tidlegare liv var den firmabil hos Gullhuset i Haugesund(Victor Carlsen). Butikken vart lagt ned i 2005, og då var bilen sendt til Polen for fullstendig restaurering. Geir Morten kjøpte den av son til Victor Carlsen, Jacob, i 2014.





Denne Transportaren har hatt ei lang og trufast teneste som firmabil for Gullhuset i Haugesund før den kom i Geir Morten Larsen si eige.

Den siste bilen er også ei sjeldan perle. Eigar er Steinar Høyvik, og han er president i klubben, visstnok sidan han er både eldst og snakkar høgast! Bilen er ein VW K70, 1973 model. Den er sjeldan av den enkle grunn at denne bilen vart berre produsert ein kort periode då den ikkje vart nokon suksess. Dermed er er det svært få av desse fine bilane på vegane i Norge i dag. Bilen til Steinar er berre kjørt nokre og nitti tusen. Den har nemleg stått i ein garasje i Nord-Hordland frå 1994, då førre eigar døydde, til Steinar kjøpte den i 2017, og han har berre skifta nokre slidedeler på den.

Vi la merke til at på taket var ein spesiell sykkel. Den er svært sjeldan, og eg vart fortalt at verdien var fullt på høgde med syklane som vert bruka i Tour de France. Kor mange tusenlappar den hadde kosta han, ville han ikkje ut med. Han hadde også med seg passasjerar i bilen, og heldigvis heldt lettkledde Gunnhild seg heilt roleg medan eg var der.



Det er ikkje ofte vi treff ein K70 på vegane no. Legg merke til sykkelen på taket. Eigar: Steinar Høyvik. Dei fem karane kosa seg tydelegvis på tur i lag. Laurdagen håpa dei å få mulighet til å sjå traktor og maskinsamlinga til Asbjørn og Trond Olsen. Bilsamlinga til Einar Gjertsen kjende dei også til så dei vurderte også å ta kontakt med han. Ein tur til på Lises Bruktbutikk forstod eg at også stod på ønskelista. Det var nok ikkje tilfeldig at Uskedalen var vald for det spontane treffet.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland